



# Ny kommune i indre Sunnfjord

Fagutvikling og koordinering

## Styringsgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:  
Øystein Høyvik  
Tlf. 57612650

Vår referanse:  
16/3693-32-ØH-  
FE - 002

Dato:  
14.12.2016

## Ny kommune i indre Sunnfjord, referat frå møte i styringsgruppa 02.12.16

Tidspunkt : 02.12.16 kl 12.00 – 14.45  
Stad : Jølster kommunehus, Skei  
Møteleiar : Olve Grotle

### Til stades frå styringsgruppa:

Oddmund Klakegg, Håkon Myrvang, Mathias Råheim og Olve Grotle.

### Til stades frå prosjektgruppa

Ole John Østenstad, Øyvind Bang-Olsen, Atle Fasteland, Thor Ove Farsund, Marit Solheim, Torill Anita Segtnan, Stian Jakobsen, Elin Kjøsnes, Trond Ueland og Øystein Høyvik.

### Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 28.10.16
2. Vedtak knytt til notat i høve kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16 v/ Olve Grotle
3. Kommunikasjonsplan v/ Øystein Høyvik (blir sendt ut innan torsdag 01.12.16)
4. Prosjektøkonomi v/ Øystein Høyvik
5. Seminarrekke i regi av KMD og KS mv v/ Olve Grotle
  - a. Evaluere samling nr 1
  - b. Avklare vidare deltaking
  - c. Avklare evt lokal oppfølging av seminar
6. Informasjon om «Nettverk for administrativ toppteiling i kommunar som skal slå seg saman» v/ Øystein Høyvik (invitasjon ligg vedlagt)
7. Prosess knytt til fastsetting av namn v/ Øystein Høyvik
8. Felles formannskapsmøte 08.02.17 v/ Øystein Høyvik
9. Møte med kommunal-, sektor- og personalsjefar 05.01.17 v/ Øystein Høyvik
10. Møteplan 2017
11. Eventuelt

### **Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 28.10.16**

- Godkjent

### **Vedtak knytt til notat i høve kommunestyrevedtak gjort før 01.07.16**

- Utsett til møte 13.01.17

### **Kommunikasjonsplan**

- Framlegg til kommunikasjonsplan vart vedteken (ligg vedlagt)
- Prosjektgruppa får fullmakt til å engasjere informasjonsmedarbeidar i storleik 20-40 %

## Prosjektøkonomi

- Vedteke prosjektdirektiv viser slikt økonomibilde

Økonomi			
Inntekter		Utgifter	
Gjeld	Sum	Sum	Gjeld
Tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fj	1 600 000	550 000	Sentral prosjektleiing, 50%-stilling
Eigeninnsats-/del	1 650 000	1 600 000	Prosjektleiing den enkelte kommune, 4 x 40%-stilling
		500 000	Deltaking i KMD si seminarrekke
		200 000	Ekskursjonar, bygging av nettverk mv
		200 000	Informasjon/involvering av innbyggjarar
		200 000	Ander driftskostnad (møtekostnader, leige av lokale mv)
Sum	3 250 000	3 250 000	

- Styringsgruppa gjorde vedtak om at midlar avsett til kommunevis prosjektleiing blir brukt slik:
  - Frikjøp av tillitsvalte; 15% x 4 = 60 %
  - Informasjonsmedarbeidar; 20-40 %
  - Prosjektleiing i den enkelte kommune; 20 % pr kommune = 80 % (blir overført den enkelte kommune i 2017)

### Seminarrekke i regi av KMD og KS mv

- Til liks med prosjektgruppa vurderer styringsgruppa at den første samlinga hadde eit relevant innhald
- Styringsgruppa vurderer vidare at det er føremålstenleg at prosjektorganisasjonen deltek på dei tre komande samlingane
- Med bakgrunn i at samling 2 har «arbeidsgjevaransvar i omstillingsprosessar» som tema vurderer ein det som tenleg at personalsjefane i kommunane blir inviterte til å delta
- Tema frå seminar 1 og 2 skal inngå som del av innhaldet i felles formannskapsmøte 14. og 15. februar 2017
- Prosjektgruppa får i oppgåve å vurdere om det i tillegg til felles formannskapsmøte er aktuelt å invitere til samling for medlemmane av kommunestyra kor tema frå samling 1 og 2 vil vere aktuelle

### Informasjon om «Nettverk for administrativ toppleiing i kommunar som skal slå seg saman»

- I epost datert 25.11.16 skriv KS:  
*KS har som målsetting å etablere nettverk for den administrative toppleiinga i dei kommunane som skal slå seg saman frå 01.01.2020.  
 Med administrativ toppleiing meiner vi her rådmann/assisterande rådmann, prosjektleiar/prosjektkoordinator for samanslåingsporsessen.  
 For dei folkevalde i samanslåingskommunane vil kome attende med eigen tilbod.*
- Rådmennene saman med prosjektleiar vil delta i nettverket i regi av KS

### Prosess knytt til fastsetting av namn

- Ordførarane (styringsgruppa) skal utgjere namnekomité
- Prosjektleiar skal vere sekretær for namnekomiteen
- Ein tek sikte på at styringsgruppa i møte 03.02.17 kan komme med si tilråding til namn på ny kommune

### Felles formannskapsmøte 08.02.17

- Blir flytta til 14. og 15. februar 2017
- I tillegg til medlemmane i formannskapa blir gruppeleiarane inviterte til å delta
- Prosjektgruppa saman med leiar av styringsgruppa får fullmakt til å arbeide vidare med program

### Møte med kommunal-, sektor- og personalsjefar 05.01.17

- I tråd med vedteke prosjektdirektiv er det invitert til møte mellom prosjektgruppa og kommunal-/sektor-/personalsjefar 05.01.17

### Møteplan 2017

- Blir vurdert å flytte nokre av prosjektgruppemøta til annan dag enn møte i styringsgruppa

**Eventuelt**

- Ordførarane har motteke brev frå SV-laga i kommunane, og kor dei skriv at:

SV-laga i Førde, Gaular, Jølster og Naustdal meiner at prosessen for kommunessamanslåing må få ei tydelegare leing, ei sterkare prosjektorganisasjon og raskare framdrift enn det det er lagt opp til. Kommunane har berre tre år på seg til å utvikle felles kultur og bygge ein ny organisasjonen. Som fleire andre kommunar meiner SV-laga at det bør veljast ei førebels fellesnemnd som styringsgruppe for samanslåingsprosessen. Med ei førebels fellesnemnd vil fleire verte involverte i arbeidet, og det vert ein breiare politisk representasjon. I ei førebels fellesnemnd må det også vere minst tre politisk valde medlemmer frå kvar kommune. SV-laga meiner at kommunane skal vere likt representert, og at tre frå kvar kommune er eit høveleg tal. I tillegg må formannskapa gjennom fellesmøte følgje arbeidet tett. På desse møta må også gruppeleiarar for parti som ikkje er representerte i formannskapa verte innkalla.

SV-laga i dei fire kommunane vil vise til at det i mange andre samanslåingskommunar alt er valt førebelse fellesnemnder der det gjort viktige avklaringar som manglar i dei fire kommunane i indre Sunnfjord.

Styringsgruppa er samd med SV-laga i at det er viktig å sikre framdrifta i arbeidet med å slå saman kommunane i indre Sunnfjord, noko som er i tråd med kva kommunestyra gjorde vedtak om i september 2016. Men inntil Stortinget har gjort vedtak, og det er fatta konkeleg resolusjon er det i svært avgrensa grad høve til å gjere vedtak og avgjerder for den nye kommunen. Hovudmålet med styringsgruppa sitt arbeid fram mot stortingsvedtak er å legge til rette for at fellesnemnda snarast råd kan starte sitt arbeid på ein effektiv måte.

I tråd med vedteken framdriftsplan skal styringsgruppa innan 01.04.17 utarbeide forslag til samansetting, organisering, mandat mv for fellesnemnd, arbeidsutval og partsamansett utval mv.

Dersom ein vel å opprette ei midlertidig fellesnemnd vil det krevje det same førebuingarbeidet som oppretting av ei permanent fellesnemnd. Det er styringsgruppa si vurdering at ved å nytte avgrensa arbeidskapasitet med mål om å etablere midlertidig fellesnemnd så vil ein stå i fare for å miste framdrift og tempo. Styringsgruppa vurderer det som tenleg at arbeidet fram til permanent fellesnemnd er etablert, held fram i tråd med kommunestyrevedtaka frå september 2016.

Med helsing

Øystein Høyvik  
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Sogn og  
Fjordane v/ Træen  
Prosjektgruppa